

KONKURRANSEGRUNNLAG

Anskaffelse etter anskaffelsesforskriften del I og II.

Anskaffelse av Internetbasert TV løysing med infokanaler og infoskjerm støtte.

Kvam herad

Frist for innlevering av tilbud: 15. april 2024



Innholdsfortegnelse:

1. INNLEIING – GENERELL INFORMASJON	3
1.1 KORT OM OPPDRAGSGIVER OG ANSKAFFELSEN	3
2. NÆRMERE BESKRIVELSE AV ANSKAFFELSEN – KRAVSPESIFIKASJON, OMFANG M.M.	3
2.1 INNLEIING.....	3
2.2 ANSKAFFELSENS OMFANG.....	3
3. LØNNS- OG ARBEIDSVILKÅR	3
4. NÆRMERE REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN	3
4.1 ANSKAFFELSESPROSEDYRE	3
4.2 OFFENTLEGHEIT OG TEIEPLIKT	4
4.3 ALTERNATIVE TILBOD	4
4.4 TILBYDER KAN STILLE SPØRSMÅL TIL KONKURRANSEDOKUMENTA OG ANSKAFFELSEN	4
4.5 INNLEVERING AV TILBOD.....	4
4.6 VEDSTÅELSEFRIST.....	4
4.7 TILBODSÅPNING.....	4
4.8 SPRÅKKRAV	5
4.9 ATTERHALD/AVVIK FRA KONKURRANSEGRUNNLAGET.....	5
4.10 MULIG AVLYSNING AV KONKURRANSEN.....	5
5. KRAV TIL TILBYDARS KVALIFIKASJONAR	5
5.2 KVALIFIKASJONSKRAV	5
5.3 AVVISNINGSGRUNNAR	6
6 TILDELINGSKRITERIER	7
7 OPPLYSNING OM TILBYDER.....	7

Dette konkurransegrunnlaget har følgende vedlegg:

- Vedlegg 1: Statens standardavtaler for IT-anskaffelser SSA-L
- Vedlegg 2: Bilag til SSA-L – Avtale om løpende tjenestekjøp over internett– versjon 2018
- Vedlegg 3: Prisskjema



1. INNLEIING – GENERELL INFORMASJON

1.1 Kort om oppdragsgiver og anskaffelsen

Kvam herad ynskjer å inngå avtale om leveranse av TV kanalar, infokanalar og infoskjermløysing for bruk i institusjon, skule og administrasjon.

Avtalen vert utforma i høve SSA-L – Avtale om løpende tjenestekjøp over internett.

For leveranse av tekniske utstyr som tunere, nettverkskomponentar og noder og anna fysisk utstyr som er nødvendig for levering av løpende tenester over internet gjeld Kjøpslovens reglar. For øvrig vert tenestene regulert av dette konkurransegrunnlaget med vedlegg.

Avtalen vil verta evaluert med jamne mellomrom, og ein vil blant anna leggja vekt på om det er skjedd endringar i marknaden, nye leverandørar, nye produkt/system, pris m.m.

2. NÆRMERE BESKRIVELSE AV ANSKAFFELSEN – KRAVSPESIFIKASJON, OMFANG M.M.

2.1 Innleiing

For nærare beskrivelse av krava til det som skal anskaffast og kontraktsvilkåra vert det vist til vedlegga til dette konkurransegrunnlaget.

2.2 Anskaffelsens omfang

Estimert kontraktsverdi for 48 måneder er ca. 1,9 millioner kroner, jf. FOA § 5-4 (12) bokstav b.

3. LØNNS- OG ARBEIDSVILKÅR

Det er eit krav at ansatte hos tilbydar eller eventuelle underleverandørar har lønns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn det som følgjer av gjeldande landsomfattande tariffavtale, eller det som ellers er normalt for vedkomande stad og yrke. Det vert i denne samanheng vist til forskrift av 8. februar 2008 nr. 112 gjeve med heimel i anskaffelseslova.

Tilbydar og eventuelle underleverandørar pliktar på førespurnad frå oppdragsgjevar å dokumentera lønns- og arbeidsvilkåra til ansatte som medvirkar til å oppfylle kontrakten.

Dersom tilbydar eller eventuelle underleverandørar ikkje etterlever denne klausulen, har oppdragsgjevar rett til å halde tilbake deler av kontraktssummen til tilbydar har dokumentert at forholdet er i orden.

Summen som blir heldt tilbake skal tilsvare ca. 2 (to) gongar innsparinga for Leverandøren, inntil det er dokumentert at forholdet er ordna.

4. NÆRMERE REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

4.1 Anskaffelsesprosedyre

Anskaffelsen vert gjennomført i henhold til lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og II.



Oppdragsgjevar planlegg å gjennomføra dialog gjennom forhandlingar med alle leverandørane som gjev tilbod i konkurransen. Forhandlingane vil kunne gjelda alle sider av tilboda.

Forhandlingar vert ikkje gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er motteke, vurderer at forhandlingar ikkje er hensiktsmessig. Leverandøren vert difor oppmoda om å gje sitt beste tilbod ved fyrste tilbodsinnlevering.

Dialog i form av rettingar/avklaringar vert gjennomført ved behov.

Leverandøren vert på det sterkaste oppmoda til å følgje de anvisningar som vert gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål ved uklarheiter.

4.2 Offentlegheit og teieplikt

For å lmenta sin rett til innsyn i dokument knytt til ein offentlig anskaffelse gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og denne sine ansatte pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar, eller drifts- og forretningsforhold det vil vera av konkurransemessig betydning å hemmeleghalde, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningsloven § 13.

4.3 Alternative tilbod

Alternative tilbod vil ikkje bli akseptert.

4.4 Tilbyder kan stille spørsmål til konkurransedokumenta og anskaffelsen

Eventuelle spørsmål til konkurransegrunnlaget må fremjast skriftleg gjennom meldingssystemet i Mercell CTM (tidligere EU-supply) innan den angitte fristen. Frist for å stille spørsmål kjem fram under "Spørsmål og svar" i Mercell CTM.

Fristen er satt slik at oppdragsgjevar skal ha tilstrekkeleg tid til å besvare spørsmåla og leggje det ut gjennom Mercell CTM innan utløpet av tilbodsfristen. Spørsmål vert anonymisert og svar sendes til alle som har registrert si interesse i Mercell CTM.

4.5 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal utformast på norsk, og leverast gjennom Mercell CTM innan tilbodsfristen. Eventuelle vedlegg skal lastast inn i Mercell CTM før innlevering. Tilbod som ikkje er levert via Mercell CTM vil bli avvist.

4.6 Vedståelsesfrist

Tilbydar må vedstå seg sitt tilbod inntil kontrakt er underteikna, dog ikkje utover 3 månader rekna frå tilbodsfristens utløp. Er aksept ikkje kome fram til tilbydar innan denne fristen, fell tilbydar sin forpliktelse vekk.

4.7 Tilbudsåpning

Tilbudsåpning vil finna stad hos oppdragsgjevar eller oppdragsgjevar sin representant ein av dei påfølgjande dagar etter tilbodsfristens utløp.

Tilbudsåpning vil skje utan tilstedeværelse av tilbydarane eller andre utanforstående.



4.8 Språkkrav

Tilbudet med tilhøyrande dokument skal vera på norsk.

4.9 Atterhald/avvik fra konkurransegrunnlaget

Er tilbudet meint å avvike fra konkurransegrunnlaget skal det fremgå klart av tilbudet. Avvika skal spesifiserast og beskrivast presist og eintydig i tilbods brevet.

Eventuelle atterhald skal være særskilt angitt i tilbydars tilbods brev sjølv om disse også er angitt i andre dokument i tilbudet. Det vert vist til at atterhald vil kunne medføre ein rett og/eller ein plikt til avvising av tilbudet i henhold til anskaffelsesforskriften.

4.10 Mulig avlysning av konkurransen

Oppdragsgjevar forbehold seg retten til å avlysa konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn, for eksempel ved bortfall av planlagt finansiering eller manglande godkjenning.

5. KRAV TIL TILBYDARS KVALIFIKASJONAR

5.2 Kvalifikasjonskrav

Tilbydar skal fylla ut ESPD-skjema i Merzell gjeldande kvalifikasjonskrav og avvisningsgrunnar.

Nedenfor fremgår krav til tilbydar sine kvalifikasjonar samt dokumentasjon av disse. Dersom kvalifikasjonskrava ikkje er oppfylt, vil tilbudet verta avvist.

Oppdragsgivers kvalifikasjonskrav:	Dokumentasjonskrav:
Skatt og avgift <i>Tilbydar skal ha orda forhold mht. skatteinnbetaling og meirverdiavgiftsinnbetaling.</i>	Skatteattest som ikkje skal vera eldre enn 6 mnd. rekna frå tilbodsfristens utløp.
Firmaattest <i>Tilbydar skal vera eit lovleg foretak og registrert i eit bransjeregister eller anna foretaksregister, f. eks. Foretaksregisteret i Brønnøysund.</i>	Firmaattest: stadfesting på registrering i Foretaksregisteret Utenlandske firma: Attest for registrering i eit bransjeregister eller anna foretaksregister som foreskrevet i lovgivning i den stat der entreprenøren og/ eller denne sin(e) underleverandør(ar) er etablert.
Økonomisk soliditet <i>Tilbydar skal ha god økonomisk og finansiell kapasitet til å gjennomføre oppdraget.</i>	Revisor godkjente rekneskap med beretning for siste året. Dersom tilbydar har fleire opplysninger som det bør takast hensyn til, må disse leggest ved.



5.3 Avvisningsgrunnar

FOA § 9-5 seier at oppdragsgjevar har plikt til å avvise leverandørane som følgje av visse forhold, og rett til å avvise leverandørar som følgje av andre. Tilbydar skal gjera greie for om det ligg føre forhold som vert omfatta av desse avvisningsreglane i ESPD-skjemaet i Mercell, og me viser til skjemaet for forhold som straffedomar og betaling av skattar, avgifter og trygdeavgifter.

Dei norske innkjøpsreglane går lenger enn det som følgjer av avvisningsgrunnane gjevne i EU sitt direktiv om offentlege anskaffelsar og i standardskjemaet for ESPD. Det er eit eige punkt i ESPD del III: Avvisningsgrunnar, seksjon D: «Andre avvisningsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivingen i oppdragsgiverens medlemsstat». Det vert presisert at i denne konkurransen gjeld alle avvisningsgrunnane i FOA § 9-5, inkludert dei reint nasjonale avvisningsgrunnane. Følgjande av avvisningsgrunnane i anskaffelsesforskriften § 9-5 er reint nasjonale avvisningsgrunnar:

- FOA § 9-5 annet ledd. I føresegna er det spesifisert at oppdragsgjevar skal avvise ein leverandør når han er kjend med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedteke eit førelegg for dei spesifiserte straffbare forholda. Kravet til at oppdragsgjevar skal avvise leverandørar som har vedteke førelegg for dei gjevne straffbare forholda, er eit særnorsk krav.
- FOA 9-5 tredje ledd, bokstav b. Avvisningsgrunn i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisningsgrunn og omfattar andre alvorlege feil som kan føra til tvil om vedkomande leverandør sin yrkesmessige integritet.

Oppdragsgjevar vil som utgangspunkt rekna leverandøren sine erklæringar i ESPD-skjemaet som tilstrekkelege for vurderinga av om det ligg føre forhold som er omfatta av avvisningsgrunnane. Oppdragsgjevar har rett til å innhenta informasjon som underbyggjer erklæringane under innkjøpsprosessen. Leverandørane må derfor vera klar til å innlevera slik informasjon.

Dersom oppdragsgjevar etter tildelingsavgjerda vert kjent med forhold som fører til at oppdragsgjevar har plikt til å avvise leverandøren, vil oppdragsgjevar annullera tildelingsavgjerda for å avvise leverandøren, og tildela kontrakt basert på det nest best rangerte tilbodet.



6 TILDELINGSKRITERIER

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva tilbod som har den beste pris:

Kriterium	Dokumentasjon
Pris 40 %	Ferdig utfylt prisskjema, vedlegg 6B. prisskjema Høgste oppnåelege poengsum på dette kriteriet er 40 poeng
Miljø 30%	Leverandøren skal beskrive korleis miljømessige vurderingar i utføringa av oppdraget vert ivaretatt, blant anna med tanke på bruk av miljøstyringsystem og konkrete miljøtiltak i gjennomføringa. Den tilbydaren som har dei beste miljøtiltaka får 30 poeng, og øvrige tilbod får ein poengscore basert på ein skjønsmessig vurdering i forhold til beste tilbod.
Graden av oppfyllelse av krav i kravspesifikasjonen 30%	Den tilbydaren som i størst grad oppfyller krava i kravspesifikasjonen vil få 30 poeng, og øvrige tilbod får ein poengscore basert på ein skjønsmessig vurdering i forhold til beste tilbod.

7 OPPLYSNING OM TILBYDER

Leverandøren skal fylla ut tabellen og signera under tabellen.

Firmanavn:	
Org.nummer:	
Postadresse:	
Besøksadresse:	
Telefonnummer:	

Kontaktperson:	
Telefonnummer:	Mobilnummer:
E-postadresse:	



Ovannevnte leverandør gjev med dette vedlagte tilbud i henhold til dei betingelsar som kjem fram av konkurransegrunnlaget.

Me vedstår oss vårt tilbud til den dato som er angitt i konkurransegrunnlaget. Tilbudet kan aksepteras av oppdragsgjevar når som helst fram til utløp av vedståelsesfristen.

Sted

Dato

Underskrift

Navn med blokkbokstaver

